



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Festsalen, Florø kulturhus
Dato:	10.04.2025
Tid:	Kl. 09:00 - 15:20

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV
Anne Marit Seljeseth	Kinn V
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V
Anett Berg	UAH
Håkon Skram Heggen	UAH
Lillian Bratholmen	UAH
Mats Brunsvik	UAH
Morten Andreas Hagen	UAH
Ørjan Kvalheim	UAH

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ninja Tolo Ness	Kinn AP	Karianne Torvanger	Kinn AP
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP	Lars Terje Standal	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP	Ralf Einar Johannessen	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Martin Inge Eikås	Kinn FrP
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP	Elisabeth Halsne	Kinn SP
Bente Olseth	UAH	Siri Sunde	Kinn H
Ronny Cassells	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP
Jan Gunnar Holvik	UAH		

Andre som møtte:

Vilde Johannesen, ordfører Ungdommens kommunestyre

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør

Linda Nipen, kommunalsjef

Runa Nybakk, kommunalsjef

Norunn Stavø, kommunalsjef

Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef

Trude Gulbranson, stabsleiar

Henrik Ulriksen, spesialkonsulent

Mari Halsør, spesialkonsulent

Ymse:

Daniel Henriksson (R) tiltredde møtet kl. 13.20

Gustav Johan Nydal (KrF) tiltredde møtet kl. 10.20.

Doris Christensen (AP) tiltredde møtet kl. 9.45.

Hanne Husebø Kristensen (H) hadde forfall fram til kl. 11.30, Trine Hovland (H) stilte som vara.

Karianne Torvanger (AP) fråtrødde møtet kl 14.10, Bente Nygård (AP) stilte som vara.

Hilmar Eliasson (V) deltok under konferansedelen kl. 9 - 12.45.

38 stemmeberettiga i møtet.

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge:

033, 034, 035, 039, 050, 040, 041, 042, 044, 043, 046, 047, 049, 037, 038.

Det vart ikkje valt setteordførar under sakene 037/25 Interpellasjonar og 038/25 Spørsmål.

Kommunekonferanse kl. 09.00- 12.45

Kl. 09.15 - 11.45: KS v/Criss Madsen – analyse og dialog av resultat.

Kl. 12 - 12.45: Sentio v/Martin Mjelde – oppdatert innbyggjarundersøking.

Måløy, 11.04.2025

Bengt Solheim-Olsen

Ordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
033/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/25	Godkjenning av møteprotokoll
035/25	Orientering frå ungdommens kommunestyre
036/25	Orienteringar
037/25	Interpellasjonar
002/25	Interpellasjon - praktisering av offentlege søkjarlister i Kinn kommune
038/25	Spørsmål
004/25	Spørsmål - Overføring av lærerressurser og andre funksjoner ved Stavang Skule
005/25	Spørsmål - Svært lang ventetid på søknad om startlån
006/25	Spørsmål om kompetansesenter for fornybar energi
007/25	Spørsmål til kommunestyret - Vaksinerings for tilsette i Kinn Kommune
008/25	Spørsmål til kommunestyret 10.04.2025 - Utsetting av vedtak innan skulestruktur
009/25	Spørsmål - Prosjekt Tverrfagleg ressursteam barn, unge og foreldrerettleiing
039/25	Refererte skriv og meldingar
040/25	Søknad om fritak frå verv som forliksrådsmedlem - Stine Kråkenes Øvrelid
041/25	Søknad om fritak som varamedlem i Kinn forliksråd - Martin Ramsdal
042/25	Val av 2. vararepresentant til KS Fylkesmøte - AP/V/SV
043/25	Val av medlem til styret i Stiftinga Svanhild
044/25	Val av representantar til styret i Bordgleder KF
045/25	Forvaltningsrevisjon- gjennomføring av investeringsprosjekt i Kinn kommune
046/25	Årsmelding 2024 for Kinn kontrollutval
047/25	Årsplan 2025 for Kinn kontrollutval
048/25	Kontrollutvalet - Revidert reglement
049/25	Skjenkeløyve- Skjærbuda Restaurant AS - 2025-2028
050/25	Sak om mogeleg deling av Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
033/25	Kommunestyret	10.04.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 033/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakene 045/25, 048/25 og RS-sakene 004/25, 005/25, 006/25, 007/25 og 008/25 vert utsett.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ordførar informerer om at sak 045/25 - Forvaltningsrevisjon vert utsett til neste kommunestyremøte, då representantar frå Kontrollutvalet ikkje er til stade.

Repr. Refvik (FrP) kommenterer at det er uheldig å ha saker som kommunekonferanse, som tar opp store delar av kommunestyremøtet, når det då blir lite tid til vedtakssaker.

Repr. Nødseth (V) etterlyser saka om brannordning.

Kommunedirektøren svarar at ein treng tid på å vurdere alternativene, etter at saka var oppe i formannskapet, derfor har den saka ikkje kome opp i kommunestyret.

Repr. Hagen (UAH) etterlyser sak om organiseringa av IUA.

Kommunedirektøren svarar at små ting står igjen i saka, men blir sannsynlegvis teke opp før sommaren.

Repr. Geir Oldeide (Raudt) foreslår at RS-sakene 004/25, 005/25, 006/25, 007/25 og 008/25 utsettast, samt PS 048/25.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.


Sakene 045/25, 048/25 og RS-sakene 004/25, 005/25, 006/25, 007/25 og 008/25

samrøystes vedteke utsett.

KOST- 033/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakene 045/25, 048/25 og RS-sakene 004/25, 005/25, 006/25, 007/25 og 008/25 vert utsett.



Saksnr.	Utval	Møtedato
034/25	Kommunestyret	10.04.2025

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 034/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 034/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 13.03.2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
035/25	Kommunestyret	10.04.2025

Orientering frå ungdommens kommunestyre

KOST- 035/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.


Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Ungdomsordførar Vilde Johannesen orienterer om saker frå ungdommens kommunestyre:

- Oppfordrar kommunestyrerepresentantane til å ta meir initiativ til å kommunisere med og inkludere ungdomsrepresentantane.
- Ønskjer at lokalmedia inkluderer og innhenter informasjon og meiningar frå ungdommen.
- Ønskjer invitasjonar til kulturelle og politiske arrangement.
- Ønskjer ei mentorordning med ein frå utval og ein frå kommunestyret.
- Ønskjer å delta på gruppeleiar møter.

KOST- 035/25 Vedtak:

Ingen vedtak.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/16273
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 03.04.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/25	Kommunestyret	10.04.2025

Orienteringar

KOST- 036/25 Vedtak:

Ingen orienteringar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:


Orienteringane vert teke til etterretning som dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Ingen orienteringar.

KOST- 036/25 Vedtak:

Ingen orienteringar.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/16274
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 03.04.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/25	Kommunestyret	10.04.2025

Interpellasjonar


KOST- 037/25 Vedtak:

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

KOST- 037/25 Vedtak:

Underliggende sak:

002/25, Interpellasjon - praktisering av offentlege søkjarlister i Kinn kommune
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
001/25	Formannskapet	30.01.2025
001/25	Kommunestyret	13.03.2025
002/25	Kommunestyret	10.04.2025

Interpellasjon - praktisering av offentlege søkjarlister i Kinn kommune

KOST- 002/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Interpellasjon frå Venstre v/repr. Nødseth - Praktisering av offentlege søkjarlister i Kinn kommune

Den 25. oktober skriv Firdaposten at berre to personar stod att som søkjarar til stillinga som tenesteleiar for Furuhaugane omsorgssenter/Albertatunet. Den eine av dei, den eksterne kvinnelege søkjaren, var ikkje unntatt offentlegheita. Den andre vart omtalt som "ein mann som er anonym/utan offentlig innsynsrett".

Den 21. november skriv så Kinn kommune på sine egne nettsider at "Even Hallingstad har takka ja til stilling som tenesteleiar for Albertatunet omsorgssenter. Even vil også vere tenesteleiar på Furuhaugane omsorgssenter fram til Albertatunet står ferdig. " Det vert i same sak opplyst at han "hausten 2022 tok til som tenesteleiar i Eikefjord heimeteneste, der han fram til no har vore tilsett."

Eg legg til grunn, sidan eg ikkje har registrert at stillinga har vore lyst ut på nytt, at det er vedkomande som fekk stillinga som og fekk halde namnet sitt utanfor offentlegheita. Dette var altså den interne søkjaren.

Søkjarlister er som hovudregel offentlege, jf. offentliglova § 3 mv.

Søkjarar til ei stilling i det offentlege kan likevel be om at namnet vert halde unna offentligheita, om det ligg føre særlege grunnar. Dette er likevel noko som skal praktisera strengt, og ein må vege omsyn som ligg bak reglane om offentlig innsyn, mot andre omsyn. Eit typisk døme som blir akseptert er at offentliggjeving kan føre til konkrete skader eller ulemper for søkjaren. Ei grunngjeving om personleg ubehag vil

ikkje halde for å bli unntatt frå søkarlista. Derimot vil ei grunngjeving om at søkjaren søker seg frå ei leiarstilling i ein organisasjon som er i ein omstillingsprosess, med grunnlag i at ei slik offentleggjering vil kunne skade organisasjonen si evne til å gjennomføre omstillinga, ofte vere god nok grunngjeving. Eit anna døme er sjølvstendig næringsdrivande som kan oppleve redusert kundetilfang og økonomisk tap dersom det blir kjent at dei kan byte jobb. Dette er normalt god nok grunn til å bli unntatt frå søkarlista.

Det skal svært mykje til for at ein intern søkjar i Kinn kommune skal kunne haldast utanfor søkarlistene til ei stilling i same kommune. Likevel vart det altså gjort i dette tilfellet. Det er kommunen som har ansvaret for å handheve regelverket på rett måte, og det representerer eit rettsbrot om ein ikkje gjer det riktig.

Over fleire år har eg utfordra praktiseringa av dette regelverket både i Flora kommune og i Kinn kommune, og mitt inntrykk er at ein "syndar" mot desse reglane. På dette grunnlag vel eg å ta tak i denne saka, utan eg på nokon måte utfordrar sjølve tilsettinga, berre manglande offentleggjering av søkarlista.

Spørsmål:

- 1) Kva er den konkrete juridiske vurderinga som ligg bak at ein gjorde unntak frå regelen om offentlig innsyn denne gongen?
- 2) Kva rutinar/system har ein for slike vurderingar/avgjersler i Kinn kommune, og kva praksis/terskel har ein lagt til grunn?

Eg tek atterhald om å kome tilbake med eit framlegg til vedtak, avhengig av kva svar vi får frå administrasjonen i denne saka. Eit framlegg vil i så fall handle om at formannskapet går inn i dette på systemnivå, og gjerne ber om oppdatering/konkretisering av system og regelverk for å sikre at regelverket blir etterlevd også i Kinn kommune.

Svar frå ordførar:

- 1) Søkaren bad om å få vere u.off sidan det ville skape uro i Eikefjord heimeteneste der søkar var tilsett som tenesteleiar.

Det har gjennom fleire år vore utskifting av leiarar i denne tenesten. Etter at Hallingstad har vore leiar i Eikefjord heimeteneste i tre år, har det vore ro og stabilitet, og tenesta har hatt eit godt arbeidsmiljø med stabilt personale.

Det vart vurdert at argumentet til søkar om at det ville skape uro i Eikefjord heimeteneste veide tungt. I vurderinga vart det vektlagt at søkaren hadde ein toppleiarstilling i kommunen. Om søkar ikkje fekk stillinga ville tenesta likevel vere usikker på om søkar ville vere ein stabil leiar i framover, eller eigentleg ynskte å søke seg bort frå stillinga som tenesteleiar.

2) Rutinar for vurdering av innsyn og unntak

Kinn kommune følgjer offentleglova og tilhøyrande forskrifter når det gjeld innsyn i tilsettingssaker. Hovudregelen er at søkarlister skal vere offentlege, men det kan gjerast unntak dersom det ligg føre særskilte grunnar etter offentleglova § 25, andre ledd.

Vurderingsprosess

- Alle søkjarar vert informerte om at søkarlister som hovudregel er offentlege. Dei får også informasjon om at det er mogleg å søkje om unntak frå offentleggjering, og at ein slik søknad må grunngjevast.
- Søknader om unntak vert vurderte individuelt, og det må ligge føre ei konkret og sakleg grunngjeving.
- Unntak frå offentlig innsyn kan berre gjerast dersom det er dokumentert at offentleggjering vil føre til ei særleg belastning for søkjaren, i tråd med offentleglova § 25 andre ledd. Det vert gjort ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, der omsynet til søkjaren vegast opp mot innsynsretten til offentlegheita.

- Dersom kommunen vurderer at unntak ikkje kan innvilgast, får søkjaren moglegheit til å trekkje søknaden før namnet vert offentleggjort.

Terskel for innvilging av unntak

- Hovudregelen er at søkjarar ikkje får unntak med mindre det er dokumentert reell risiko for negative konsekvensar ved offentleggjering.
- Unntak blir berre gitt dersom kommunen vurderer at omsynet til søkjaren veg tyngre enn innsynsretten til offentlegheita.
- Dersom ein søknad om unntak vert avslått, får søkjaren moglegheit til å trekkje søknaden før namnet vert offentleggjort.

Praktiske utfordringar med offentlig innsyn ved tilsetting

Kinn kommune opplever at offentlig innsyn i søkjarlister kan vere ein utfordring i enkelte tilsettingsprosessar. Erfaring viser at kvalifiserte søkjarar kan vegrast for å søkje stillingar dersom dei risikerer offentleggjering, særleg dei som kjem frå små fagmiljø eller innehar leiarstillingar. Dette kan påverke kommunen sin evne til å rekruttere dei best kvalifiserte kandidatane.

Oppsummering

Kinn kommune legg vekt på å ha ein open og transparent rekrutteringsprosess, samstundes som vi ivaretek omsynet til dei som søker stillingar hos oss. Samtidig er det viktig for kommunen å følgje offentliglova og sikre openheit og tillit til tilsettingsprosessane. Vi vil difor halde fram med å praktisere offentliglova konsekvent, men ser samstundes behovet for å balansere omsynet til offentlig innsyn opp mot moglegheita for å rekruttere kompetente søkjarar.


Repr. Nødseth (V) ber om ei orientering i formannskapet om korleis ein skal jobbe vidare med dette.

KOST- 002/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
038/25	Kommunestyret	10.04.2025

Spørsmål

KOST- 038/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Spørsmål 006/25 utgår, då det er svart ut tidlegare.

KOST- 038/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Underliggende sak:

004/25, Spørsmål - Overføring av lærerressurser og andre funksjoner ved Stavang Skule
Saka er trekt.


005/25, Spørsmål - Svært lang ventetid på søknad om startlån
Ingen vedtak.

006/25, Spørsmål om kompetansesenter for fornybar energi
Spørsmålet utgår.

007/25, Spørsmål til kommunestyret - Vaksineringsfor tiltak i Kinn Kommune
Ingen vedtak.

008/25, Spørsmål til kommunestyret 10.04.2025 - Utsetting av vedtak innan
skulestruktur
Ingen vedtak.

009/25, Spørsmål - Prosjekt Tverrfagleg ressursteam barn, unge og foreldrerettleiing
Ingen vedtak.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/25	Kommunestyret	13.03.2025
004/25	Kommunestyret	10.04.2025

Spørsmål - Overføring av lærerressurser og andre funksjoner ved Stavang Skule

KOST- 004/25 Vedtak:

Saka er trekt.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:


Spørsmålet er trekt av innsendar.

KOST- 004/25 Vedtak:

Saka er trekt.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/25	Kommunestyret	13.03.2025
005/25	Kommunestyret	10.04.2025

Spørsmål - Svært lang ventetid på søknad om startlån

KOST- 005/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Spørsmål frå SV v/repr. Olafsson - Svært lang ventetid på søknad om startlån

Startlån er en ordning som er tenkt for førstegangskjøpere, og/eller personer som befinner seg i en vanskelig livsfase, og må etablere seg på nytt. Lånet finansieres gjennom Husbanken sine ordninger, men prosessen mot et ev. startlån administreres av kommunen.

Kinn SV er kjent med at det er søkere i kommunen vr som har sendt søknad for over et år siden, og har fremdeles ikke mottatt svar på sin søknad. Vi er også kjent med at søkere er blitt kontaktet og informert om at de må påregne ekstra lang ventetid med den forklaring at kommunen for tiden ikke er tilsette som jobber søknader om startlån.

Det er verdt å understreke at de som søker startlån er personer som av ulike grunner kan befinne seg i svært vanskelig livssituasjon, og er gjerne avhengig av rask avklaring på sine søknader.

Kinn SV ber om en kort orientering om status på dagens venteliste, i tillegg ønsker vi konkrete svar på følgende spørsmål:

Spørsmål til ordfører:

1. Hva mener ordfører er forsvarlig ventetid på søknad om startlån?
2. Hvor stor personalressurs jobber med de søknadene for tiden?
3. Hvilken plan har Kinn Kommune for å jobbe mot å redusere ventetiden, slik at vi kan tilby forsvarlig saksbehandling av disse søknadene?

Svar frå ordførar:

Kommunen sin kapasitet til bustadforvaltning har vore under press dei siste åra. Dette skuldast to forhold.

1. Det har vore eit omfattande arbeid, som har krevd mykje resursar, å ta imot eit stor antall flyktningar.
2. Salderingsbehovet i kommunen har medført at antall tilsette på bustadkontoret er redusert vesentlig det siste året.

Spørsmål 1: Hva mener ordfører er forsvarlig ventetid på søknad om startlån?

Det er sjølvsagt ønskelig at alle søknader om startlån behandles så raskt som mulig, samtidig som vi sikrer en grundig og forsvarlig saksbehandling. En forsvarlig behandlingstid vil normalt ligge på 4 til 6 uker, avhengig av sakens kompleksitet og den generelle arbeidsbelastningen i fagadministrasjonen.

I dag er imidlertid kapasiteten svært begrenset, noe som medfører at søkere dessverre opplever en betydelig lengre ventetid enn det som er ønskelig. Situasjonen er utfordrende, og det er behov for tiltak for å sikre en mer forsvarlig saksbehandlingstid.

Spørsmål 2: Hvor stor personalressurs jobber med disse søknadene for tiden?

Per i dag er det avsatt 20 % stilling til arbeidet med startlån i Kinn kommune. Denne ressursen er i hovedsak rettet mot oppfølging av allerede innvilgede lån, som innebærer å håndtere restanser, forebygge inkasso og iverksette nødvendige tiltak overfor låntakere og låneforvaltere. Videre krever saker der låntakere kommer inn under gjeldsordning ekstra oppfølging, noe som er tidkrevende og må håndteres grundig.

I tillegg går en betydelig del av arbeidstiden med til å sikre at forutsetningene for allerede innvilgede lån fortsatt er oppfylt, noe som krever kontinuerlig overvåking og administrativ oppfølging.

Kommunen v/boligkontoret mottar også et stort antall henvendelser via telefon og e-post fra innbyggere med spørsmål om startlån. Disse henvendelsene tar opp en betydelig del av arbeidstiden og reduserer kapasiteten til faktisk saksbehandling.

Kapasiteten i bustadadministrasjonen er rett og slett for liten til å kunne innfri behovet for rask og effektiv behandling av startlånssøknader .

Spørsmål 3: Hvilken plan har Kinn kommune for å jobbe mot å redusere ventetiden, slik at vi kan tilby forsvarlig saksbehandling av disse søknadene?

Det vurderes flere tiltak for å sikre en mer effektiv og forsvarlig saksbehandling:

- Utlysning av en vikarstilling:
Det vil bli lyst ut et vikariat for å styrke arbeidet med kommunale boliger, herunder styrking av handtering av søknader.
- Prioritering av ressurser:
Administrasjonen vil gjennomgå dagens arbeidsfordeling for å se om det er mulig å frigjøre ytterligere kapasitet til aktiv saksbehandling av startlånssøknader. Videre vurderes det om det kan settes inn midlertidige ressurser i perioder med stor pågang.
- Effektivisering av saksbehandlingsprosessen:
Bedre bruk av digitale verktøy kan bidra til å effektivisere oppfølgingen av eksisterende lån, noe som igjen kan frigjøre tid til behandling av nye søknader. I tillegg blir det arbeid med å forbedre interne rutiner for prioritering av saker, slik at de søknadene som haster mest, blir behandlet først.
- Forbedret informasjon og forventningsstyring:
Kommunen ønsker å sikre at søkere får tydelig informasjon om forventet saksbehandlingstid, slik at de er forberedt på eventuell ventetid. Det skal også legges til rette for bedre veiledning til søkere, slik at innsendte søknader er mest mulig komplette og ikke blir forsinket unødvendig på grunn av manglende dokumentasjon.
- Innføring av Bookup for timebestilling:
Det vil bli innført ei bookingsløsning, på samme måte som byggesak, slik at innbyggerne kan avtale time direkte med saksbehandler for startlånssøknader. Dette vil bidra til en mer strukturert og forutsigbar


behandling, samtidig som det vil redusere mengden telefon- og e-posthenvendelser og sikre at søkerne får bedre oppfølging.

KOST- 005/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
001/25	Kommunestyret	13.03.2025
006/25	Kommunestyret	10.04.2025

Spørsmål om kompetansesenter for fornybar energi

KOST- 006/25 Vedtak:


Spørsmålet utgår.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Spørsmålet utgår, då det er blitt svart på tidlegare.

KOST- 006/25 Vedtak:

Spørsmålet utgår.



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/25	Kommunestyret	10.04.2025

Spørsmål til kommunestyret - Vaksinerer for tilsette i Kinn Kommune

KOST- 007/25 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Spørsmål frå Raudt v/repr. Tveranger - Vaksinerer for tilsette i Kinn kommune

1. Vert dei tilsette i Kinn Kommune tilbydd influensavaksine?
2. Om så er, kva yrkesgruppe er prioriterte?

Svar frå ordførar:

1. I helse og velferd får alle som jobber pasientretta tilbud om influensavaksine. Alle vert oppfordra om å ta influensavaksine for å beskytte sårbare pasientar. Kinn kommune betaler då for vaksinen.

Innafor oppvekstsektoren får tilsette på helsestasjonen tilbod om influensavaksine, fordi dei er i kontakt med dei minste barna (under 3 mnd), som ikkje er vaksinerte.


Elles ingen i bhg og skule, utanom dei som er i risikogruppe og bed om vaksine på eige initiativ (og betalar sjølv).

2. Alle som jobber pasientretta får tilbudet.

KOST- 007/25 Vedtak:
Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
008/25	Kommunestyret	10.04.2025

Spørsmål til kommunestyret 10.04.2025 - Utsetting av vedtak innan skulestruktur

KOST- 008/25 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Spørsmål frå AP v/repr. Teigen - Utsetting av vedtak innan skulestruktur

I førre formannskapsmøte vart områdeplanen som skal følgje saka om skulestruktur, sendt tilbake til Oppvekstutvalet. Eit fleirtal meinte planen var ufullstendig og at utvalet må definere nye bestillingar til kommunedirektøren som skal svarast på før høyring.

Dette vil bety at sak om skulestruktur vert ytterlegare utsett.

Oppvekstutvalet har ikkje møte før i juni. Med ei omfattande liste med nye utgreiingar er det grunn til å tru at dette ikkje berre får konsekvensar for at skulestruktursaka og samfunnsplan vert utsett, men at heile økonomiplanen vert sett i spel.

Nye kapitalutgifter til Skram skule og Albertatunet er finansiert med kutt i drift, dvs. endringar i blant anna skulestrukturen. Manglande innsparingstiltak i denne sektoren vil gje utfordringar med å finansiere nye investeringar.

Ordførar, dersom vi får eit års utsetting av vedtak innan skulestruktur kva følger vil dette få for:

1. Renovering av Florø barneskole
2. Albertatunet
3. Skram skule
4. Økonomiplanen og balansekravet

Svar frå ordførar:

Kommunedirektøren peikar på at endringar i skulestrukturen er nødvendige for å kunne handtere det vedtekne budsjettvedtaket på 24 millionar kroner årleg innan 2028. Dersom

dette ikkje vert gjort, vil det få alvorlege konsekvensar for undervisningstilbodet og den generelle økonomiske situasjonen i kommunen.

Skulebygga er i dårleg forfatning, og det er ikkje mogleg å rehabilitere alle – her må det gjerast prioriteringar. Dersom kommunen ikkje klarer å gjennomføre salderingstiltak på 150–160 millionar kroner, kan det føre til eit betydeleg underskot, noko som vil ramme tenestetilbodet til innbyggjarane og vere i strid med kommunelova.

I sak 006/25 vert det peika på at store investeringar som ny brannstasjon i Florø, Albertatunet og Skram skule ideelt sett burde vore utsett til kommunen har ein meir avklara finansieringsplan. Slik situasjonen er no, står ein i fare for å inngå kontraktar utan tilstrekkeleg økonomisk grunnlag.

Det var i januar foreslått at ein samordnar prosessane og tek nye vedtak i samband med revisjon av økonomiplanen i juni 2025 (sak 005/24). Dette inneber også å gjennomføre høyringar og analysar, blant anna knytt til bruk av kunstig intelligens (KI), sak om kulturfond, områdeplan mv.


Administrasjonen meiner at den noverande økonomiplanen manglar ei klar retning for å møte innsparingane på grunnskuleområdet, og difor burde utsett eller stoppe store investeringar i påvente av ein meir realistisk plan.

KOST- 008/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv



Saksnr.	Utval	Møtedato
009/25	Kommunestyret	10.04.2025

Spørsmål - Prosjekt Tverrfagleg ressursteam barn, unge og foreldrerettleiing

KOST- 009/25 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Spørsmål frå AP v/repr. Christensen - Prosjekt Tverrfag ressursteam barn, unge og foreldrerettleiing

Det har nylig blitt ansatt prosjektarbeider som i utlysingsteksten blir beskrevet slik: "Tverrfaglig ressursteam barn, unge og foreldrerettleiing". Videre beskrivelse: "... en dyktig fagperson som kan styrke og samordne kommunen sitt - helsefermmande og førebyggjande arbeid, - lavterskeltilbod, - oppfølging og behandling for barn og unge med milde til moderate psykiske helseplager, og deira foreldre"

Det er viktig at kommunestyret blir informert om hva vi har å tilby av tjenester, hvordan vi møter behov som er og hvordan tjenestene planlegges utviklet.

Kinn Arbeiderparti er opptatt av hvordan vi utvikler kvalitet i tjenestene som leveres til våre innbyggere. Vi ønsker å høre mer om hva denne nye stillingen skal bidra til.

Vi vet at Kinn barnevern har bruk for tiltak for barn over 12 år. Forebygging av omsorgssvikt og atferdsvansker er kjerneoppgave på alle nivå i tiltakstrappa. Kommuner rundt oss har svart på sine plikter til å opprette og utvikle tiltak for barn og unge med lette til moderate psykiske plager på en mer framoverlent måte enn Kinn. Vi er derfor forhåpningsfulle og spente på svarene fra ordfører.

Hvilke behov skal dette nye prosjektet dekke?

Hva er forskjellen på denne stillingen som skal "samordne" og funksjonen til en koordinator etter helse-og omsorgstenestelova?

Hvordan finansieres det?

Hva skal bli anderledes for våre innbyggere med denne satsingen?

Hva er ment med "lavterskeltilbod", "oppfølging og behandling"?

Svar frå ordførar:

Helsedirektoratet har utarbeidd nasjonal rettleiar for psykisk helsearbeid for barn og unge. Rettleiaren gjev råd om korleis kommunane kan, bør og skal legge tilrette for tiltak til barn og unge med psykisk uhelse. Også førebyggjande arbeid.

Kinn kommune har over fleire år bygd kompetanse for å utvikle ein god teneste i førebyggjande arbeid for barn og foreldre. Informasjon om dette er å finne på Kinn kommune si heimeside, Oppvekst og utdanning.

Under «Trygg oppvekst i Kinn kommune» finn ein informasjon om BTI-modellen (Betre tverrfaglg innsats), og korleis ein som vaksen, barn/ungdom eller tilsett går fram for å melde bekymring for barn og unge. Ein vil mellom anna finne ulike tiltak og tenester for barn og unge i kommunen.

Under «Familiehjelpa» finn ein informasjon om lågterskeltilbod som kommunen tilbyr til familiar som på ulike måtar strevar i høve barna sine.

Viser også til Temaplan for oppvekst kap 7 Førebyggjande tiltak, som inneheld oversikt over tiltak for barn og unge som Kinn kommune har på universelt nivå, selektert nivå og indikert nivå.

Kinn kommune har mottatt tilskot frå Statsforvaltaren i Vestland til prosjekt Tverrfagleg ressursteam, barn og unge og familierettleiing. Prosjektet har som mål å finne gode modellar for å sikre tverrfaglege strukturar og raskare hjelp/tiltak til barn og unge og familiar med utfordringar. Utfordringane er kopla til til dømes begynnande psykisk uhelse, begynnande rusproblematikk, atferdsvanskar eller utanforskap. Målet er å ha gode samordna tenester til barn og unge, og tidleg tverrfagleg vurdering for å komme tidleg til rett arena med rett hjelp.

Det er lyst ut internt, og tilsett ein person i 50% engasjementsstilling (frå 1. april 2025 til og med 31.12.2026). Engasjementsstillinga er såles finansierte av eksterne prosjektmidlar.

Engasjementsstillinga handlar ikkje om å koordinere tenester for individ med rett til individuell plan og koordinerte tenester, men skal sjå på korleis vi kan organisere og vidareutvikle dei tiltaka vi har i dag retta mot barn og unge med psykiske helseplager i ulike tenester slik at vi får eit meir samordna tilbod.


Dette skal vidareutviklast som lavterskeltilbod, dvs vere lett tilgjengeleg. Det skal vere synleg, dvs tydeleg for barn og unge med foreldre kvar dei kan vende seg for å få hjelp, og hjelpa skal vere gitt gjennom tverrfagleg samhandling.

Vi vil vidareutvikle eksisterande tiltak vi har i dag på tvers i organisasjonen. Med utgangspunkt i Familiehjelpa har vi som mål å utvide med fleire tiltak, for også å treffe aldersgruppa over 12 år.

Når engasjementsperioden er over, er målet at vi skal ha ein berekraftig modell for tidleg koordinert hjelp som kan bli drifta av helsestasjonen.

KOST- 009/25 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
039/25	Kommunestyret	10.04.2025

Refererte skriv og meldingar

KOST- 039/25 Vedtak:

RS-sakene 004/25-008/25 vert utsett.
Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

RS-sakene 004/25-008/25 vert utsett.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

KOST- 039/25 Vedtak:

RS-sakene 004/25-008/25 vert utsett.
Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

003/25, Møtereferat 28.02.2025 - oppstartsmøte forvaltningsrevisjon FDV av kommunale bygg

004/25, Melding om vedtak: Gjennomgang av møteprotokollar

005/25, Melding om vedtak: Gjennomgang av møteprotokollar


006/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 02.12.2024

007/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 22.01.2025

008/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 10.03.2025

009/25, Ålfotbreen verneområdestyre - protokoll etter styremøte 4/2024 - 06.12.2024

010/25, Årsmelding for Ålfotbreen landskapsvernområde 2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
012/25	Gruppeleiarutvalet	10.03.2025
026/25	Kommunestyret	13.03.2025
040/25	Kommunestyret	10.04.2025

Søknad om fritak frå verv som forliksrådsmedlem - Stine Kråkenes Øvrelid

KOST- 040/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre avslår Stine Kråkenes Øvrelid sin søknad om fritak frå vervet som medlem i Kinn forliksråd.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyret avslår Stine Kråkenes Øvrelid sin søknad om fritak frå vervet som medlem i Kinn forliksråd.

Bakgrunn for saka:

Stine Kråkenes Øvrelid har i e-post 02.01.2025 søkt om fritak frå sitt verv som medlem i Kinn forliksråd.

Saksopplysningar:

Stine Kråkenes Øvrelid har i e-post 02.01.2025 søkt om fritak frå sitt verv som medlem i Kinn forliksråd.

Ho skriv følgjande i sin søknad:

Eg er nyinnvalgt medlem i Kinn forliksråd. I orientering av medlemskapet av forliksrådet ser eg at dette ikkje kan fungere for meg då eg vert mykje vekke frå jobb, der kompensasjonsordninga ikkje vil fungere i mitt arbeid. Eg har starta i nytt arbeid i oktober 2024, der eg ser at møtedatoar kolliderer med kursdager hos oss der eg har nøkkelrolle som instruktør.

I tillegg vert desse dagane i forliksrådet i tillegg til kommunestyre dagane og planutvslgsdagane. Eg var i anna arbeidsforhold i haust når eg takka ja til vervet. Eg ser no at eg ikkje har kapasitet til å ta på meg vervet pga ny jobbsituasjon. Ber om fritak som medlem av Kinn forliksråd.

Mvh Stine Øvrelid

I K-sak 067/24 i møte 23.05.2024 vart Øvrelid vald inn som fast medlem i Kinn

forliksråd.

I følgjande tilfelle kan ein avstå frå å ta imot val:

- Dersom man ikkje bur i kommunen kan man nekte å ta imot val, jf. domstolova § 56 tredje ledd.
- Dersom helsetilstand eller andre særlege grunner tilseier det, jf. domstolova § 74.
- Dersom man har vore medlem i forliksrådet i to periodar tidlegare, jf. domstolova § 74.

Dersom kommunestyret vel å innvilge Øvrelid sin fritakssøknad, må det veljast eit nytt fast medlem i Kinn forliksråd.

Adgangen til å foreta suppleringsval av forliksrådsmedlemmar følgjer av domstolova § 59:

«Når et forliksrådsmedlem eller varamedlem dør eller flytter fra kommunen, eller når det opplyses at vedkommende mangler noen av de betingelser som nevnt i §§ 53 eller 56 første ledd, eller vedkommende ellers blir varig forhindret fra å gjøre tjeneste, foretar kommunestyret nytt valg av medlem eller varamedlem for den tid som er igjen. Valget foretas som flertallsvalg.

Kommunestyret kan tillate et medlem eller varamedlem å fratre sin stilling før tiden og foretar i så fall nytt valg etter reglene i første ledd.

Den som oppnevnes som medlem eller varamedlem etter denne paragraf, kommer i rekkefølge etter dem som er oppnevnt tidligere. Dersom det holdes valg på nytt medlem fordi formannen har fratrådt e.l., kan kommunestyret selv velge ny formann uavhengig av første punktum.»

Vurderingar:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak er i tråd med domstolova §§ 56 og 74. Grunnane Øvrelid oppgir i sin søknad oppfyller ikkje automatisk vilkåra for fritak frå vervet som medlem i forliksrådet.

I domstolova § 59 framgår det likevel at kommunestyret kan tillate eit medlem å fratre si stilling før tiden, dersom medlemmet vert varig forhindra frå å gjere teneste.

Øvrelid skriv at ho ikkje har kapasitet til vervet i forliksrådet grunna ny jobbsituasjon, saman med sine politiske verv.

Det er viktig at dei faste forliksrådsmedlemmane kan stille kontinuerleg og er motiverte for arbeidet som ligg i dette vervet.

Dersom kommunestyret vel å innvilge Øvrelid sin fritakssøknad, må det veljast eit nytt fast medlem i forliksrådet.

Forliksrådet skal bestå av både kvinner og menn. I dag består medlemmane av to kvinner og ein mann. Difor kan det veljast enten ein mann eller kvinne i eit eventuelt suppleringsval. Vilkår for å kunne veljast som forliksrådsmedlem går fram av domstolova § 56.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Retningslinjer for valg forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer for perioden 2025-2028](#)

Domstollova § 56

Domstollova § 59

Domstollova § 74

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Søknad om fritak blir imøtekommet

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Raudt sitt framlegg, og vedteke mot 9 røyster (4 Raudt, 5 FrP).

KOST- 040/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre avslår Stine Kråkenes Øvrelid sin søknad om fritak frå vervet som medlem i Kinn forliksråd.

Behandling i Kommunestyret 13.03.2025:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt
Stine Øvrelid Kråkenes vert innvilga fritak som omsøkt

Sak utsett grunna manglande tid.

KOST- 026/25 Vedtak:


Sak utsett grunna manglande tid.

Vedlegg i saken:

Søknad om fritak frå verv som forliksrådsmedlem - Stine Kråkenes Øvrelid
Val av forliksråd i Kinn kommune 2025 - 2028

Retningslinjer for valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer for periode(2457290)

Tilleggsinformasjon til søknad om fritak frå verv som forliksrådsmedlem - Stine Kråkenes Øvrelid



Saksnr.	Utval	Møtedato
013/25	Gruppeleiarutvalet	10.03.2025
027/25	Kommunestyret	13.03.2025
041/25	Kommunestyret	10.04.2025

Søknad om fritak som varamedlem i Kinn forliksråd - Martin Ramsdal

KOST- 041/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre avslår Martin Ramsdal sin søknad om fritak frå vervet som varamedlem i Kinn forliksråd.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre avslår Martin Ramsdal sin søknad om fritak frå vervet som varamedlem i Kinn forliksråd.

Bakgrunn for saka:

Martin Ramsdal har i e-post 20.01.2025 bedt om å få fråtre sitt verv i Kinn forliksråd.

Saksopplysningar:

Martin Ramsdal har i e-post 20.01.2025 bedt om å få fråtre sitt verv som 2.varamedlem i Kinn forliksråd.

Han skriv følgjande:

Hei igjen

Eg er nødt til å komme meg ut av lista til forliksrådet.

Eg meldt klart frå til Frank Willy at eg ikkje hadde anledning til å stå på lista til forliksrådet og han stadfesta tilbake på SMS at eg var stroken frå lista og stod ikkje på val.

Pga arbeidssituasjonen min så er eg nødt til å komme meg ut av dette.

I K-sak 067/24 i møte 23.05.2024 vart Ramsdal valt inn som 2. varamedlem i Kinn forliksråd.

Ramsdal sendte 22.02.2024 inn søknadsskjemaet «Søknad om å vere forliksrådsmedlem, skjønnsmedlem, og meddommar til tingretten, lagretten og/eller jordskifteretten 2025-2028», der han kryssa av for følgjande ønska verv:

Forliksrådsmedlem

Meddommar i tingrett

Meddommar i lagmannsrett

Ramsdal har også sendt inn same søknadsskjema ein gang til, 17.04.2024, der han kryssa av for følgjande ønska verv:
Meddommar i tingrett
Meddommar i lagmannsrett

Kommunen har i etterkant av fritakssøknaden vore i kontakt med Ramsdal. Han fortel at han sendte inn oppdatert søknad då han vart klar over arbeidsomfanget med forliksrådet, og meiner difor at han er valt inn ved ein feil. Han fortel også at hans arbeidssituasjon er såpass drastisk endra at han ikkje får moglegheit til å følgje det opp på ein forsvarleg måte.

I følgjande tilfelle kan ein avstå frå å ta imot val:

- Dersom man ikkje bur i kommunen kan man nekte å ta imot val, jf. domstollova § 56 tredje ledd.
- Dersom helsetilstand eller andre særlege grunner tilseier det, jf. domstollova § 74.
- Dersom man har vore medlem i forliksrådet i to periodar tidlegare, jf. domstollova § 74.

Dersom kommunestyret vel å innvilge Ramsdal sin fritakssøknad, må det veljast eit nytt varamedlem.

Adgangen til å foreta suppleringsval av forliksrådsmedlemmar følgjer av domstollova § 59:

«Når et forliksrådsmedlem eller varamedlem dør eller flytter fra kommunen, eller når det opplyses at vedkommende mangler noen av de betingelser som nevnt i §§ 53 eller 56 første ledd, eller vedkommende ellers blir varig forhindret fra å gjøre tjeneste, foretar kommunestyret nytt valg av medlem eller varamedlem for den tid som er igjen. Valget foretas som flertallsvalg.

Kommunestyret kan tillate et medlem eller varamedlem å fratre sin stilling før tiden og foretar i så fall nytt valg etter reglene i første ledd.

Den som oppnevnes som medlem eller varamedlem etter denne paragraf, kommer i rekkefølge etter dem som er oppnevnt tidligere. Dersom det holdes valg på nytt medlem fordi formannen har fratrådt e.l., kan kommunestyret selv velge ny formann uavhengig av første punktum.»

Vurderingar:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak er i tråd med domstollova §§ 56 og 74. Grunnane Ramsdal oppgir i sin søknad oppfyller ikkje automatisk vilkåra for fritak frå vervet som varamedlem i forliksrådet.

I domstollova § 59 framgår det likevel at kommunestyret kan tillate eit medlem å fratre sin stilling før tiden, dersom medlemmet vert varig forhindra frå å gjere teneste.

Ramsdal skriv at han ikkje har moglegheit til å følgje opp vervet i forliksrådet på ein forsvarleg måte, grunna sin endra arbeidssituasjon, utan at det er utdjupa noko meir om kva som er endra. Han meiner også at han er valt inn som følgje av ein feil.

Ramsdal er 2. varamedlem i forliksrådet, og ikkje fast medlem. Så sannsynlegheita for at han vert kalla inn på mange møter i forliksrådet, er liten.

Dersom Ramsdal sin fritakssøknad vert innvilga, må kommunestyret velje eit nytt varamedlem til forliksrådet.

Forliksrådet skal bestå av både kvinner og menn. I dag består varamedlemmane av to menn og ei kvinne. Difor kan det veljast enten ein mann eller kvinne i eit eventuelt suppleringsval. Vilkår for å kunne veljast som forliksrådsmedlem går fram av domstollova § 56.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Domstollova § 56

Domstollova § 59

Domstollova § 74

[Retningslinjer for valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer for perioden 2025-2028](#)

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Søknad om fritak blir imøtekommet

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Raudt sitt framlegg, og vedteke mot 9 røyster (4 Raudt, 5 FrP).

KOST- 041/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre avslår Martin Ramsdal sin søknad om fritak frå vervet som varamedlem i Kinn forliksråd.

Behandling i Kommunestyret 13.03.2025:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Raudt
Martin Ramsdal vert innvilga fritak som omsøkt

Sak utsett grunna manglande tid.

KOST- 027/25 Vedtak:


Sak utsett grunna manglande tid.

Vedlegg i saken:

Val av forliksråd i Kinn kommune 2025 - 2028

Retningslinjer for valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer for periode(2457290)

Fritak frå verv som varamedlem i Kinn forliksråd



Saksnr.	Utval	Møtedato
015/25	Gruppeleiarutvalet	10.03.2025
028/25	Kommunestyret	13.03.2025
042/25	Kommunestyret	10.04.2025

Val av 2. vararepresentant til KS Fylkesmøte - AP/V/SV

KOST- 042/25 Vedtak:

Ny 2. vararepresentant for grupperinga AP/V/SV til fylkesmøte i KS Vestland vert: Doris Christensen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ny 2. vararepresentant for grupperinga AP/V/SV til fylkesmøte i KS Vestland vert:

Bakgrunn for saka:

2. vararepresentant for grupperinga AP/V/SV til KS Fylkesmøte, Bente Nilsen, vart i 2024 innvilga fritak frå sine verv i Kinn kommune. Det manglar ein erstattar til dette vervet.

Saksopplysningar:

I K-sak 128/23 i møte 05.10.2023 vart det valt inn representantar og vararepresentantar til KS Fylkesmøte. 2. vararepresentant for grupperinga AP/V/SV, Bente Nilsen, fekk i K-sak 084/24 innvilga fritak frå alle verv i Kinn kommune frå 01.08.2024, då ho flytta frå kommunen. Det manglar difor ein erstattar for dette vervet i KS Fylkesmøte.

Sidan Nilsen var ein del av grupperinga AP/V/SV, må denne grupperinga føreslå ein ny kandidat.

I samsvar med «Vedtekter i KS» skal val til KS sine organ gjerast av kommunestyret.

Ordføraren bør være blant representantane.

Det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar + 2 ekstra (for kvart parti/gruppering).

Dei valde delegatane frå kvar kommune må sjølv melde seg på fylkesmøte og haustkonferansen.

Jamfør KS-vedtekter er det kommunen som dekker utgifter til reise og deltaking for delegatane på fylkesmøtet. Dersom ikkje delegaten kan delta, skal vedkommande sjølv informere sin vara og melde frå til KS.

KS sine vedtekter regulerer valg til KS' organer

KS sine vedtekter er vedlagt i sin heilheit.

Ifølge vedtekter for KS § 3 (3.4), kan val til KS' organer krevjast fremma som forholdstallsvalg. Ved alle val til KS sine organ, lokalt og sentralt, skal kvart kjønn være representert med minst 40 % av medlemmane (jfr 3.5).

I kommunelova § 7-10 3. ledd står følgjande:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité, fylkestingskomité eller direkte valgt kommunedelsutvalg trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnnet.»

Vurderingar:

Kommunestyret vel ein ny 2. vararepresentant for grupperinga AP/V/SV til KS Fylkesmøte.

Sidan Nilsen var ein del av grupperinga AP/V/SV, må denne grupperinga føreslå ein ny kandidat.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Vedtekter for KS](#)

Kommunelova § 7-10

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Gruppeleiarutvalet sitt framlegg til vedtak, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti

Ny 2. vararepresentant for grupperinga AP/V/SV til fylkesmøte i KS Vestland vert: Doris Christensen

Røysting:

Innstilling frå gruppeleiarutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 042/25 Vedtak:

Ny 2. vararepresentant for grupperinga AP/V/SV til fylkesmøte i KS Vestland vert: Doris Christensen

Behandling i Kommunestyret 13.03.2025:

Sak utsett grunna manglande tid.

KOST- 028/25 Vedtak:

Sak utsett grunna manglande tid.


Vedlegg i saken:

Val til KS Fylkesmøte

Informasjon til kommunar i Vestland om val til KS

Valg til KS

KS vedtekter revidert Feb2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
014/25	Gruppeleiarutvalet	10.03.2025
029/25	Kommunestyret	13.03.2025
043/25	Kommunestyret	10.04.2025

Val av medlem til styret i Stiftinga Svanhild

KOST- 043/25 Vedtak:

Nytt medlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Håkon Christensen

Nytt varamedlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Jan Gunnar Holvik

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Nytt medlem til styret i Stiftinga Svanhild vert:

Nytt varamedlem til styret i Stiftinga Svanhild vert:

Bakgrunn for saka:

Flora kommune hadde eit medlem i styret i Stiftinga Svanhild, samt eit varamedlem. Det har ikkje vore gjennomført val til dette vervet etter Flora kommune og Vågsøy kommune vart slått saman til Kinn kommune. Stiftinga Svanhild etterlyser deltaking frå Kinn kommune.

Saksopplysningar:

I 1995 vart Stiftinga Svanhild oppretta ved gåver og tilskot frå privatpersonar, næringsliv og kulturinstitusjonar i Sogn og Fjordane fylke.

Formålet til Stiftinga Svanhild er å drive forsking omkring bygging, segling og vedlikehald av denne fartøytypen generelt og skuta Svanhild spesielt, restaurering av skuta Svanhild, samt drive næringsverksemd i den grad det er nødvendig for å sikre bevaring av Svanhild som eit kulturminne for seinare generasjonar.

Foreininga Svanhilds vener vart oppretta samstundes med stiftinga, og har som mål å skape eit aktivt miljø for bevaring og bruk av den gamle skuta Svanhild. Hovudutvalet for kultur vedtok i 2008 at Sogn og Fjordane Fylkeskommune trekker seg frå styret i stiftinga.

Stiftinga Svanhild har i dag eit styre som er samansett slik:

Kystmuseet i Sogn og Fjordane	2 medlemmar
Svanhilds vener	2 medlemmar
Sparebanken	1 medlem
Flora kommune	1medlem

Styret har 6 medlemmar med personleg varamedlemmar. Valperioden er på to år. Val av medlemmar til styret gjerast i dei einskilde medlemmane sine styringsorgan.

I sak 050/18 i møte i levekårsutvalet 13.11.2018, vart Trine Hovland valt som medlem, og Karianne Torvanger vart valt som varamedlem i styret. I Kinn kommune har det ikkje blitt gjennomført val til dette vervet.

Vurderingar:

I vedtektene til Stiftinga Svanhild går det fram at det skal vere eit medlem frå Flora kommune, med personleg varamedlem. Ein forutset at vervet vidareførast til Kinn kommune, etter kommunane Flora og Vågsøy vart samanslått. Sidan det ikkje er gjennomført val etter samanslåinga, manglar det nokon i dette vervet. Kinn kommune må difor velje eit medlem og eit varamedlem til styret i Stiftinga Svanhild.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedtekter for Stiftinga Svanhild

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Gruppeleiarutvalet sitt framlegg til vedtak, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti

Nytt medlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Håkon Christensen

Nytt varamedlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Elisabeth Halsne

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti
Gruppeleiarutvalet sitt framlegg til vedtak:

Nytt medlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Håkon Christensen

Nytt varamedlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Jan Gunnar Holvik

Til gruppeleiarutvalet si innstilling, opplyser repr. Halsne om at ho ikkje har blitt spurt om å stille, og ønskjer ikkje å stille til val.

Nestleiar i gruppeleiarutvalet, repr. Ødegård Standal, kjem med nytt framlegg frå gruppeleiarutvalet.

Røysting:

Nytt framlegg frå gruppeleiarutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 043/25 Vedtak:

Nytt medlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Håkon Christensen

Nytt varamedlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Jan Gunnar Holvik

Behandling i Kommunestyret 13.03.2025:

Gruppeleiarutvalet, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Nytt medlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Håkon Christensen

Nytt varamedlem til styret i Stiftinga Svanhild vert: Elisabeth Halsne

Sak utsett grunna manglande tid.


KOST- 029/25 Vedtak:

Sak utsett grunna manglande tid.

Vedlegg i saken:

Vedtekter Stiftinga Svanhild 2009

Val av medlem til styret i Stiftinga Svanhild 2018



Saksnr.	Utval	Møtedato
003/25	Gruppeleiarutvalet	27.01.2025
030/25	Kommunestyret	13.03.2025
044/25	Kommunestyret	10.04.2025

Val av representantar til styret i Bordgleder KF

KOST- 044/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre vel 4 faste representantar og 4 vararepresentantar, samt leiar og nestleiar, til styret i Bordgleder KF 2025-2027:

Leiar: Jacob Nødseth
Nestleiar: Petter Refsnes
Medlem: Lone Bareksten
Medlem: Madelen Hopen

1.vara: Jan Arve Midtbø
2.vara: Margunn Belsvik
3.vara: Anita Eikevik
4.vara: Silje Ødegård Standal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre vel 4 faste representantar og 4 vararepresentantar, samt leiar og nestleiar, til styret i Bordgleder KF 2025-2027:

Leiar:
Nestleiar:
Medlem:
Medlem:

Varamedlem:
Varamedlem:
Varamedlem:
Varamedlem:

Bakgrunn for saka:

Det skal veljast nytt styre for Bordgleder KF. Kinn kommunestyre vel 4 faste medlemar, 4 varamedlem, samt leiar og nestleiar for styret.
Det skal også veljast ein representant for dei tilsette.

Styret veljast for 2 år, til nytt styre vert valgt etter kommunestyrevalet i 2027.

Kommunestyret valde nye representantar til styret i Bordgleder KF 15.03.2022 i sak

031/22.

I K-sak 123/23 vart følgjande vedtak fatta:

«Noverande styre vert valgt fram til arbeidet med nytt kjøkken er på plass våren 2024.»

Nytt kjøkken er på plass og sak om val av nytt styre i Bordgleder KF kjem til handsaming i kommunestyret.

Saka vart behandla i sak 020/24 19.11.2024 av gruppeleiarutvalet, der ein sendte saka vidare til kommunestyret utan forslag til medlemmar.

Kommunestyret utsette saka i møte 16.12.2024, K-sak 164/24, då gruppeleiarutvalet ikkje var i mål med å setje saman eit styre, der alle parti var einige.

Kommunelova § 9-7. Valgperiode for styremedlemmene

Valperioden for styremedlemmer er to år dersom ikkje anna er bestemt i føretaket sine vedtekter. Valperioden kan ikkje vere meir enn fire år.

Når særlege forhold ligg føre, har eit styremedlem rett til å tre ut av styret før valperioden er over.

Kommunestyret kan sjølv når som helst ved nyval skifte ut styremedlemmer som dei sjølv har valt.

Saksopplysningar:

Bordgleder KF Kinn kommune er eit kommunalt føretak oppretta med heimel i kommunelova kap. 9.

Bordgleder er leverandør av mat til Kinn kommune og andre større og mindre kundar. Dagleg spiser 450 personar mat levert frå Bordgleder, frå Sognefjorden i sør til Romsdalen i nord.

Føretaket er ikkje eige rettssubjekt. Verksemda er eigd av Kinn kommune. Kinn kommune er arbeidsgjevar for dei tilsette i føretaket. Personalforvaltninga i føretaket skal fylgje det til ein kvar tid gjeldande avtaleverk for dei tilsette i kommunen. Føretaket skal registrerast i Føretaksregisteret.

I vedtektene til Bordgleder KF står det følgjande:

§7 Styret

1. Tal medlemer

Styret skal ha 5 medlemer med personlege varamedlemer.

2. Krav til kompetanse

I styret bør det mellom anna vere kompetanse innan produksjonsfaglege spørsmål, økonomi og personalforvaltning.

3. Val av styre

Kinn kommunestyre vel sjølv representantane til styret, og leiar og nestleiar. Styreleiar, nestleiar, medlemer og varamedlemer vert valde for to år. Eitt av dei fem styremedlemmane og ein personleg varamedlem vert valt blant dei tilsette, etter innstilling frå dei tilsette, jf. kommunelova § 9-6. Styremedlem og varamedlem skal veljast frå ulike avdelingar i føretaket. Varamedlemmene kan delta i styremøta med møte- og talerett.

4. Dei tilsette sine representantar

Styrerepresentanten for dei tilsette har ikkje rett til å delta i handsaming av saker som

gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler. Dersom føretaket har mynde til å treffe einskildvedtak eller fastsette forskrifter, jf. forvaltningslova § 2, skal denne styremedlemmen ikkje delta i handsaming av desse sakene.

5. Dagleg leiar

Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.

6. Fritak og suppleringsval

Spørsmål om fritak, uttreden eller nyval av styremedlem vert handsama av kommunestyret. Ved endeleg uttreden eller varig forfall, skal det haldast suppleringsval for resten av perioden.

§8 Styret sitt mynde

1. Styret leiar føretaket og har mynde til å treffe avgjerd i alle saker som gjeld føretaket og føretaket si verksemd.
2. Styret har ansvar for at verksemda vert drive i samsvar med føretaket sitt formål og vedtekter, kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett, andre vedtak eller retningslinjer fastsett av kommunestyret og i samsvar med lov og forskrifter.
3. Styret har ansvar for at saker som skal handsamast i kommunestyret er tilstrekkeleg førebudd. Styret set i verk kommunestyret sine vedtak.
4. Vedtak om låneopptak krev samtykkje av kommunestyret.
5. Styret skal sjå til at det vert ført lovmessig rekneskap av føretaket for heile føretaket si verksemd slik det er skissert under §4. Revisjon skal utførast av kommunerevisjonen. Kommunen sitt kontrollutval er ansvarleg for føretaket sin revisjon.
6. Styret skal levere sitt framlegg til handlingsprogram, budsjett og økonomiplan etter kommunelova sine reglar til Kinn formannskap som så innstiller til Kinn kommunestyre for endeleg vedtak. I handlingsprogrammet skal det gå fram korleis føretaket skal sørge for fagleg utvikling for dei tilsette. Budsjettet skal vise alle inntekter og utgifter knytt til føretaket si verksemd.
7. Styret tilset dagleg leiar.
8. Styret har mynde til å opprette og legge ned stillingar.
9. For dei kommunale føretaka gjeld dei til ei kvar tid gjeldande særlover, som kommunelova, tariffavtale, avtaleverk og kommunale retningslinjer.
10. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.
11. Styret har instruksjons- og omgjeringsmynde overfor dagleg leiar.

Vurderingar:

Kinn kommunestyre vel 4 faste medleamar, 4 varamedlem, samt leiar og nestleiar for styret i Bordgleder KF.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova kapittel 9](#)

[Kommunelova § 9-7. Valgperiode for styremedlemmene](#)

Behandling i Gruppleiarutvalet 19.11.2024:

Gruppleiarutvalet, foreslått av ,

Gruppleiarutvalet tek utgangspunkt i å få til eit avtaleval til styret i Bordgleder KF.

Ein førespør sittande styre om kven som evt ynskjer attval, samstundes som ein prøver å komme med og einast om kandidatar til styret før kommunestyret 16. desember 2024.

Innstilling til kommunestyret:

Kinn kommunestyre vel 4 faste representantar og 4 vararepresentantar, samt leiar og nestleiar, til styret i Bordgleder KF 2025-2027:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Røysting:

Framlegg frå Gruppeleiarutvalet samrøystes vedteke.

GRLU- 020/24 Vedtak:

Gruppeleiarutvalet tek utgangspunkt i å få til eit avtaleval til styret i Bordgleder KF. Ein førespør sittande styre om kven som evt ynskjer attval, samstundes som ein prøver å komme med og einast om kandidatar til styret før kommunestyret 16. desember 2024.

Innstilling til kommunestyret:

Kinn kommunestyre vel 4 faste representantar og 4 vararepresentantar, samt leiar og nestleiar, til styret i Bordgleder KF 2025-2027:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Behandling i Kommunestyret 16.12.2024:

Sak utsett, jf. vedtak i sak
147/24.

KOST- 164/24 Vedtak:

Saka utsett til neste
møte.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Gruppeleiarutvalet sitt framlegg til vedtak, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti

Kinn kommunestyre vel 4 faste representantar og 4 vararepresentantar, samt leiar og nestleiar, til styret i Bordgleder KF 2025-2027:

Leiar: Jacob Nødseth
Nestleiar: Petter Refsnes
Medlem: Lone Bareksten
Medlem: Madelen Hopen

1.vara: Jan Arve Midtbø
2.vara: Margunn Belsvik
3.vara: Anita Eikevik
4.vara: Silje Ødegård Standal

Røysting:

Innstilling frå gruppeleiarutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 044/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre vel 4 faste representantar og 4 vararepresentantar, samt leiar og nestleiar, til styret i Bordgleder KF 2025-2027:

Leiar: Jacob Nødseth
Nestleiar: Petter Refsnes
Medlem: Lone Bareksten
Medlem: Madelen Hopen

1.vara: Jan Arve Midtbø
2.vara: Margunn Belsvik
3.vara: Anita Eikevik
4.vara: Silje Ødegård Standal

Behandling i Kommunestyret 13.03.2025:

Sak utsett grunna manglande tid.

KOST- 030/25 Vedtak:

Sak utsett grunna manglande tid.

Behandling i Gruppeleiarutvalet 27.01.2025:

Saka vart drøfta i møtet. Partiene jobbar med å finne kandidatar fram mot kommunestyremøtet i mars.


Røysting:

Ingen røysting.

GRLU- 003/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Partiene jobbar med å finne kandidatar fram mot kommunestyremøtet i mars.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/1388
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 10.01.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
045/25	Kommunestyret	10.04.2025
	Kommunestyret	

Forvaltningsrevisjon- gjennomføring av investeringsprosjekt i Kinn kommune

KOST- 045/25 Vedtak:

Sak utsett.

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsprosjektet "Gjennomføring av investeringsprosjekt» , utarbeida av Vestland revisjon KO, datert 25.11.2024.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - a. Etablering av ein felles internkontrollstruktur: Kommunen skal sikre at alle prosjektleiarar nyttar felles rutinar og dokumentasjonsverktøy, og utarbeide ein standard for internkontroll som gjeld for alle investeringsprosjekt.
 - b. Kommunen skal revidere eige økonomireglement og det mandat som ligg til formannskap knytt til investeringsprosjekt.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren skal lage ei prioritert oversikt til kontrollutvalet innan 31.03.2025 som viser kva tiltak som skal settast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, kva tid tiltaka skal settast i verk og kven som har ansvaret for iverksetting.
4. Kontrollutvalet ber om ei vurdering frå kommunedirektøren på vedtak frå kommunestyret 091/17 med tilhøyrande kostnadsramme på kr 500 000 til tilrettelegging for barnehagedrift, som utløyste nedlegging av Holvik skule.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet handsama i sak 52/23 ei bestilling av forvaltningsprosjekt knytt til gjennomføring av investeringsprosjekt. Prosjektrapporten er no ferdig stilt.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve, jf. kommunelova § 23-2. Kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda og av selskap kommunen har eigarinteresser i.

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi,

produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Prosjektplan utarbeidd 19.01.2024 vart godkjend av kontrollutvalet i Kinn i sak 5/24.

Målsettinga for dette forvaltningsprosjektet var å vurdere om Kinn kommune si gjennomføring av prosjekt, knytt til økonomi og då særleg kommunen sin oppfølging av investeringsprosjekt opp mot reglement og delerte mynde.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet vart det utarbeidd følgjande problemstillingar for prosjektet:

1. Har kommunen styringsdokument for planlegging, gjennomføring og avslutting av prosjekt?

a. Vert styringsdokument om prosjekt følgde?

b. Sikrar kommunen avklaringar om prosjektet før oppstart? Inkludert innhald i prosjekt, kostnader, finansiering og andre konsekvensar av prosjektet ?

c. Korleis vert det rapportert til politisk nivå i løpet av prosjektperioden?

d. Følgjer kommunen krav til budsjett og budsjettendringar i prosjekt? Inkludert å sikre at vedtak om budsjettendringar og tekniske endringar skjer før kostnader påløper.

I tillegg har det vorte tilføyd eit punkt knytt til oppfølging av prosjektet Holvik skule/barnehage, etter at formannskapet meldte inn sak etter møte 21.03.2024:

"Formannskapet ber kontrollutvalget se på og evaluere sak «ombygging av Holvik skule til barnehage» i samband med forvaltningsrevisjon rundt investeringsprosjekter til kommunen".

Etter dialog mellom forvaltningsrevisor og sekretariatet er forholdet implementert i problemstillinga og kontrollutvalet har vorte orientert undervegs om vurderingane som er gjort. Prosjektrapporten har difor også eit pkt 2:

Kva hende i prosjektet Holvik skule til barnehage ?

Vurderingar:

Forvaltningsrapporten oppsummerer:

- Kinn kommune har etablert grunnleggjande rutinar og praksis for budsjetthandling og økonomikontroll i investeringsprosjekt, og i dei fleste tilfella er budsjettjusteringar vedtekne før kostnader vert påløpte.
 - Kinn kommune har ikkje ein felles internkontrollstruktur i sine prosjekt.
 - Kinn kommune nyttar ikkje prosjektstyringsverktøy gjennomgåande i alle prosjekt.
- ontrollutvalget se på og evaluere sak «ombygging av Holvik skule til barnehage» i samband med forvaltningsrevisjon rundt investeringsprosjekter til kommune

Rapporten vart sendt til høyring hos kommunedirektøren i Kinn kommune.

Det vert elles vist til rapporten i si heilhet som ligg vedlagt.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:


Sak utsett, då representantar frå Kontrollutvalet ikkje er til stade.

KOST- 045/25 Vedtak:

Sak utsett.

Vedlegg i saken:

Forvaltningsrevisjon - gjennomføring av investeringsprosjekt, rapporten
Saksframlegg - Forvaltningsrevisjon - gjennomføring av investeringsprosjekt, rapporten
Forvaltningsrevisjonsrapport - Gjennomføring av investeringsprosjekt i Kinn kommune
Følgjeskriv



Saksnr.	Utval	Møtedato
046/25	Kommunestyret	10.04.2025

Årsmelding 2024 for Kinn kontrollutval

KOST- 046/25 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for Kinn kontrollutval.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for Kinn kontrollutval.

Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval har i møte 22.01.2025 i sak 05/25, fatta følgjande vedtak:
Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret i Kinn for handsaming.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet.

Vurderingar:

Sjå dokument frå Kinn kontrollutval, som ligg som vedlegg i saka.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova § 22-1
Kommunelova § 23-2
Forskrift om kontrollutval og revisjon

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


KOST- 046/25 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2024 for Kinn kontrollutval.

Vedlegg i saken:

For handsaming i kommunestyret Årsmelding 2024 Kinn kontrollutval

Saksframlegg - Årsmelding 2024 Kinn kontrollutval
Vedtaksoppfølging Kinn kontrollutval 2024.docx
Årsmelding 2024 Kinn kontrollutval



Saksnr.	Utval	Møtedato
047/25	Kommunestyret	10.04.2025

Årsplan 2025 for Kinn kontrollutval

KOST- 047/25 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2025 for Kinn kontrollutval.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2025 for Kinn kontrollutval.

Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval har i møte 22.01.2025 i sak 06/25, fatta følgjande vedtak:
Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret i Kinn for handsaming.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsplan 2025 for kontrollutvalet.

Vurderingar:

Sjå dokument frå Kinn kontrollutval, som ligg som vedlegg i saka.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova § 22-1
Kommunelova § 23-2
Forskrift om kontrollutval og revisjon

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 047/25 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2025 for Kinn kontrollutval.

Vedlegg i saken:


Handsaming i kommunestyret: Årsplan 2025 for Kinn kontrollutval

Følgjeskriv

Saksframlegg - Årsplan 2025 for Kinn kontrollutval

Årsplan 2025 for Kinn kontrollutval.docx

Oversikt møtedatoar 2025 Vest kontroll.pdf



Saksnr.	Utval	Møtedato
048/25	Kommunestyret	10.04.2025
	Kommunestyret	

Kontrollutvalet - Revidert reglement

KOST- 048/25 Vedtak:

Sak utsett.

Kontrollutvalet si innstilling:

Kommunestyret godkjenner revidert reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval har i møte 10.03.2025 i sak 13/25, vedteke revidert reglement for kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Kinn kontrollutval har i møte 10.03.2025 behandla revidert reglement for kontrollutvalet og vedteke å sende saka over til kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak: Kommunestyret godkjenner revidert reglement for kontrollutvalet slik det ligg føre.

Vurderingar:

Sjå dokument frå Kinn kontrollutval, som ligg vedlagt saka.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova § 5-13.
Kommunelova §§ 22 og 23.

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Raudt v/repr. Geir Oldeide foreslår å utsette saka, då representantar frå Kontrollutvalet ikkje er til stade.

Røysting:

Utsetjingsframlegg frå Raudt v/repr. Geir Oldeide samrøyses vedteke.

KOST- 048/25 Vedtak:

Sak utsett.

Vedlegg i saken:


Handsaming i kommunestyret: Reglement for kontrollutvalet

Saksframlegg - Reglement for kontrollutvalet

Revidert - Reglement for kontrollutvalet.docx

Høyringsssvar reglement for kontrollutvala-2.docx

Reglement for kontrollutvalet - vedteke av Kinn kommunestyre sak 123-22



Saksnr.	Utval	Møtedato
049/25	Kommunestyret	10.04.2025

Skjenkeløyve- Skjærbuda Restaurant AS - 2025-2028

KOST- 049/25 Vedtak:

Skjærbuda Restaurant AS org nr. 835 022 552 får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for dette, Skjærbuda, Sildavegen 40, 6714 Silda.

Løyvet gjeld så lenge dei har ei gyldig husleigeavtale, til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar	Ellen Merete Våge, født 17.10.1971
Godkjent stadavløysar	Bjarte Våge, født 29.05.1976
Godkjent lokale	Skjærbuda, serveringslokalet og innegjerdet kaiområde ca 170m2, ikkje for flytebrygger.
Type verksemd	Restaurant og pub
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkoholova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024-2028.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Skjærbuda	08.00-02.00	13.00-02.00	03.00	03.00

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Skjærbuda Restaurant AS org nr. 835 022 552 får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for dette, Skjærbuda, Sildavegen 40, 6714 Silda.

Løyvet gjeld så lenge dei har ei gyldig husleigeavtale, til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar	Ellen Merete Våge, født 17.10.1971
Godkjent stadavløysar	Bjarte Våge, født 29.05.1976
Godkjent lokale	Skjærbuda, serveringslokalet og innegjerdet kaiområde ca 170m2, ikkje for flytebrygger.
Type verksemd	Restaurant og pub

Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol
-------------	--

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024-2028.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Skjærbuda	08.00-02.00	13.00-02.00	03.00	03.00

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har motteke søknad om servering og skjenkeløyve frå Skjærbuda Restaurant AS, som ynskjer å drive restaurant og bar på skjærbuda, Silda. Der har vore drive pub og restaurant i lokala i fleire år. Dei søker om løyve til skjenking av alle sortar alkohol.

Saksopplysningar:

Skjærbuda Restaurant AS søkte om servering og skjenkeløyve på Skjærbuda på Silda. Det er nye aktørar som har leigd lokalet og ynsker å drive restaurant og pub i lokala. Der har vore drive restaurant og pub i lokala tidlegare. Søkjara oppfyller alle krav som slike søknader krev.

Vurderingar:

Skjærbuda Restaurant AS har søkt om servering og skjenkeløyve på Skjærbuda. Der har vore restaurantdrift i lokala tidlegare, så der er ikkje trong for noka ny regulering eller godkjenning av lokala. Søknaden er handsama i samsvar med serveringslova og alkohollova.

Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve som framlegget viser.

Økonomiske konsekvensar:

Det vi i samsvar med gjeldande lovverk bli gjennomført kontroll med utføring av det gjeve løyvet. Dette vert utført av det kontrollslaskap kommunen har avtale med. Vidare vil Kinn kommune kvart år krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for skjening av alkoholhaldig drikk. Dette gebyret skal dekke dei utgifter kommunen har med oppfølging og kontroll med det gjeve løyvet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 \(alkohollova\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgjevinga.](#)

[Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer](#)

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 049/25 Vedtak:

Skjærbuda Restaurant AS org nr. 835 022 552 får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokale for dette, Skjærbuda, Sildavegen 40, 6714 Silda.

Løyvet gjeld så lenge dei har ei gyldig husleigeavtale, til og med 30.09.2028.

Godkjent styrar	Ellen Merete Våge, født 17.10.1971
Godkjent stadavløysar	Bjarte Våge, født 29.05.1976
Godkjent lokale	Skjærbuda, serveringslokalet og innegjerdet kaiområde ca 170m ² , ikkje for flytebrygger.
Type verksemd	Restaurant og pub
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, drikk med inntil 60% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkoholova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2024-2028.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Skjærbuda	08.00-02.00	13.00-02.00	03.00	03.00



Saksnr.	Utval	Møtedato
050/25	Kommunestyret	10.04.2025

Sak om mogeleg deling av Kinn kommune

KOST- 050/25 Vedtak:

Kommunestyret avviser ein ny prosess om mogleg deling av Kinn kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Søknad om å greie ut deling av Kinn kommune etter inndelingslova §8-2 vert lagt fram til drøfting
 2. Kommunedirektøren vil oppmode om at ei sak om deling ikkje vert teke opp att no med grunngjeving;
 - kompleksiteten i denne type sak
 - historikk frå prosessen i 2022
 - tidsbruk og kostnader ein slik prosess vil krevje
 - mogelege utfordringar med å aktivere statleg medverknad i prosessen
-
- kompleksiteten i denne type sak
 - historikk frå prosessen i 2022
 - tidsbruk og kostnader ein slik prosess vil krevje
 - mogelege utfordringar med å aktivere statleg medverknad i prosessen

Bakgrunn for saka:

13 representantar har bede om at sak om mogleg deling av Kinn kommune vert sett på dagsorden. Dei har henvist til kommunelova §11-3.

Saksopplysningar:

Kinn kommunestyre gjorde i møte 10.02.2022, sak 0003/22, vedtak om å søkje Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om utgreiing av deling av Kinn kommune etter inndelingslova.

Statsforvaltaren tilrådde utgreiinga, og fekk oppdrag av departement i mai 2022 om å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag. Statsforvaltaren peika ut BDO til å gjennomføre utgreiinga.

Kinn kommune uttalte seg om delingsspørsmålet etter å ha gjennomført folkeavrøysting 1. september 2022. Kommunestyret rådde til at Kinn kommune ikkje skulle delast. Departementet stadfesta Statsforvaltaren sitt vedtak og kommunestyret sin høyringsmerknad.

Saksopplysningane over viser gjennomføring av ei delingssak. Kommunen må søkje Statsforvaltaren om å få starte ei utgreiing. Departementet vurderer delingssøknaden og om det skal setjast i gong ei utgreiing. Statsforvaltaren ber om høyringsuttale frå kommunar, fylkeskommune og andre høyringspartar og innstiller til departementet. Deling og samanslåingar er forskrifter som departementet har fullmakt til å utarbeide.

Saksframlegget og handsaminga i Kinn kommune om førre delingssøknad ligg ved.

Vurderingar:

Ulike regjeringar har opp gjennom tidene forsøkt å gjennomføre reformer med sikte på å få færre kommunar. Kommunereforma som vart sett i gong i 2014 danna ei ramme for samanslåing av kommunar og ei sakshandsamingsrekke kommunen skulle følge.

Kinn kommune vart danna på slutten av reformperioden og starta opp som ny kommune 01.01.2020.

Etter Stortingsvalet i 2021 opna ny regjering for mogleg reversering av samanslåtte kommunar. Kommunestyret nytta seg av denne retten til å vurdere deling. Kommunen fekk godkjend ein prosess som kunne lede til deling, men kommunen valde sjølv å råde til at kommunen skulle halde fram. Departementet stilte til rådvelde 15 mill. kr. til deling.

Kommunedirektøren ser ikkje at deling og samanslåing av kommunar for tida er aktuelt og ein del av viktig nasjonal politikk. Det må såleis vere særleg gode grunnar til at ei mogleg delingssak no skal løftast til det nasjonale nivået og kunne få støtte for ein slik prosess. Truleg er dette nødvendig for å få økonomiske støtte til prosessen.

I samband med kommunereforma skulle kommunane som vurderte samanslåing svare ut spørsmål om moglege forbetringar og konsekvensar, som tenesteytingar og myndigheitsutøving. Det skulle også vurderast om ein gjennom samanslåing kunne utvikle kommunen si rolle som samfunnsutviklar og styrke lokaldemokratiet. Mange kommunar hadde fokus på i kva grad ein kunne handtere oppgåvene sine beste aleine eller saman med andre. I kva grad ein no kan grunngje manglande måloppnåing på desse punkta som sannsynleggjer behovet for ei ny delingssak, er vanskeleg for kommunedirektøren å seie noko om utan ein nærare gjennomgang.

I samband med førre drøfting av samanslåingsprosessen, og spørsmålet om deling i 2022, var premissen om avstandsulempar godt kjent. Dåverande fylkesmann meinte i 2027 at samanslåinga berre delvis fylte målsettingane for reforma gjennom at Kinn kommune ville få ulemper knytt til avstandar. Det var også godt kjent i 2022 at kommunen ville få store økonomiske utfordringar og at kommunen kunne få utfordringar med å prioritere økonomiske disponeringar. Vi viser i denne samanheng til kunnskapsgrunnlaget som var utarbeidd av BDO og til saksutgreiinga som låg føre.

Ein delingsprosess no vil også bidra til at samfunns- og utviklingsoppgåver må setjast på vent, og i oppsummeringa av saka i 2022 går det fram at kostnader ved å drive to kommunar og to organisasjonar er vesentleg større enn å drive éin. Det er også særskild kostnadskrevjande å gjennomføre ein delingsprosess, og det kan vere umogleg om det ikkje blir gitt statlege midlar til dette.

Kommunedirektøren synes det er vanskeleg å finne eit grunnlag for å starte ei delingssak no, sjølv om inndelingslova gjev prosessrettlegging og beskriv saksgang for slike prosessar. Kommunen har høve til å be om å starte ei utgreiing, men kommunedirektøren kan vanskeleg sjå at det er kome til nye moment til ei delingssak som ikkje

var kjent i 2022, og som legitimerer ei ny sak, med dei kostnader dette medfører.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 10.04.2025:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt

1. Kinn kommune søker om å få sett i gong utgreiing om deling av kommunen jmf. Inndelingsloven §8, andre ledd.

Hovudgrunnen til at ein no ynskjer å få dette utgreidd er at oppslutnaden om den samanslegne kommunen Kinn har minka og det er grunn til å tru at fleirtalet av innbyggjarane no ynskjer å dele opp kommunen.

Kinn kommune sitt framlegg til nye grenser er at området som tidlegare utgjorde Flora kommune blir eiga kommune og at den delen av Kinn kommune som tidlegare var ein del av Vågsøy blir ny kommune.

2. Kommunedirektøren utformar og sender den endelege søknaden

Alternativt framlegg:, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Kommunestyret avviser ein ny prosess om mogleg deling av Kinn kommune.

Alternativ til vedtak:, foreslått av Mats Brunsvik, Kinn HøgreUavhengig

Det vert gjennomført ei folkerøysting eller innbyggerundersøkelse om deling av Kinn kommune. Ei røysting vert å gjennomføre i samband med stortingsvalet i september 2025.

Raudt trekkjer sitt framlegg.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart ikkje røysta over.

Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth vart sett opp mot framlegg frå UAH v/repr. Brunsvik, og vart vedteke mot 13 røyster (6 UAH, 4 Raudt, 3 SP).

KOST- 050/25 Vedtak:

Kommunestyret avviser ein ny prosess om mogleg deling av Kinn kommune.

Vedlegg i saken:

Rapport - Konsekvensutredning ved deling av Kinn kommune for Statsforvaltaren i Vestland

Spørsmål og deling av Kinn kommune - oversending av høyringsmerknad til Statsforvaltaren

E-post: Sak om deling